



## Notat

Dato: 01.06.2015  
Arkivsak: 2015/3001-4  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Fylkesutvalet  
Samferdelsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Vaktberedskap i forbindelse med ras

På møte i fylkesutvalet 23.04.2015 fremma **Mona Røsvik Strømme** (H) følgjande forslag, som vart samrøystes vedteke:

*Geologberedskap  
Fylkesutvalget ber om sak om vaktberedskap i forbindelse med ras.*

Statens vegvesen Region vest opplyser at det ikkje finst ein eiga vaktordning for geologar/geoteknikarar utover ordinær arbeidstid.

Dagens ordning fungerer slik at tilgjengelege fagressursar står på ei liste, «Bistand ved ras» som blir formidla ut til vegavdelingane og vegtrafikksentralen kvart år, samt at lista ligg på intranettet til Statens vegvesen. På dagtid mellom kl. 08.00 – kl. 15.30 kan fagressursane bli kontakta direkte frå oppdragsgjevar/byggherrevakt. Utanom normal arbeidstid, mellom kl. 15.30 – kl. 08.00 neste dag, i alle helgar og i feriar går alle henvendelsar til seksjonsleiaren for Geo-og skredseksjonen. Region vest har pr i dag 9 geologar og 6-7 geoteknikarar (lausmasseskred) som inngår i ordninga. Det er i tillegg rammeavtale med 4 geologifirma og 3 geotekniske firma der assistanse ved ras er arbeidsoppgåver dei har gitt tilbod på.

Statens vegvesen opplyser at ordninga med få unntak, har fungert tilfredsstillande.

Endring av dagens ordning for å skaffe geolog/geoteknikar er til vurdering. Ut frå eit ynskje om større tryggleik for at ein får tak i dei rette fagressursane ved akutte hendingar og for å kunne gje byggherrevakt, seksjonsleiar og geologane/geoteknikarane våre ein meir «forutsigbar» arbeidssituasjon, vurderer vi om ei vaktordning bør etablerast og korleis ei slik ordning kan utformast. I denne vurderinga, må det og takast økonomiske omsyn.